

6 Samisk språk i barnehage og skule

2011/12

Jon Todal, professor dr.art.,
Sámi allaskuvla / Samisk høgskole, Guovdageaidnu

Samandrag

I Samiske tall forteller 4 gjekk vi nøye inn på dei ymse tala for språkval i barnehage og skule, og vi brukte særleg mykje plass på å drøfte den store nedgangen over tid for faget samisk som andrespråk. Mange av dei tendensane som vi har sett i dei siste åra, heldt fram også i skuleåret 2011/12, og vi viser til artikkelen frå i fjor for meir grundige kommentarar enn dei vi kjem med her.

Ein tydeleg tendens i tala for 2011/12 er den store auken i talet på elevar med samisk som fag i den vidaregåande skulen. Dette er positivt for framtida for samisk språk. Positivt er det òg at talet på elevar med samisk som førstespråk i grunnskulen held seg relativt stabilt. Tala for samisk i barnehagen er òg relativt stabile (iallfall når vi tek omsyn til den generelle nedgangen i barnekulla i Nord-Noreg).

Framleis har andrespråksfaget i grunnskulen problem. Her ser vi no ein samla nedgang på 41 % frå skuleåret 2005/2006 til 2011/12. Moglege årsaker til denne nedgangen vart grundig drøfta i Samiske tall forteller for 2011.

6.1 Samisk språk i barnehagen

Tala som gjeld dei samiske barnehagetilboda for 2011/12, har vi fått direkte frå Sametinget¹, og det er talet på søknader om tilskot til samiske barnehagetilbod som ligg til grunn. Vi går her ut frå at alle som hadde rett på slike tilskot, søkte.

Dei siste åra har vi i *Samiske tall forteller* peika på at dei inndelingane som Sametinget har gjort av barnehagar med samisktilbod, ikkje skilde nok på kva som faktisk går føre seg i barnehagane. Difor har det vore vanskeleg å bruke tala til å vurdere om endringane frå år til år svekker eller styrkjer samisk språk blant førskuleborna.

I brev av 13.04.2012 gjer Sametinget nærare greie for kva dei no legg i kategoriane ”samisk barnehage” og ”norsk barnehage”:

- ”Med *samisk barnehage* menes at barnehagens drift bygger på samisk språk og kultur og har samisk som drifts- og dagligspråk.
- Med *norske barnehager [med samisk avdeling]* menes barnehage som har samisk avdeling, og avdelingens drift bygger på samisk språk og kultur og har samisk som drifts- og dagligspråk.”

I tillegg kjem barnehagar som gjev anna samisk språktilbod til borna, men der barnehagen eller avdelinga ikkje kjem inn under definisjonen ovanfor. Det kan til dømes vera barnehagar der ein ambulerande samiskspråkleg medarbeidar er innom nokre gonger i veka for å drive språktrening med dei borna som har foreldre som ønskjer det.

Inndelinga her er framleis i to kategoriar, og dei to kategoriane er i praksis dei same som i tidlegare utgåver av *Samiske tall forteller*. Her har vi likevel endra sjølve nemningane på kategoriane slik at dei blir meir i samsvar med innhaldet i brevet frå Sametinget.

¹ Brev dagsett 13.04.2012 frå Opplæringsavdelinga i Sametinget v/ Anna Kristine Skum Hætta

6.1.1 Samla tal for samisk i barnehagen

I tabell 6.1 nedanfor ser vi det samla talet på samiske barnehagetilbod i Noreg i 2011 og tal som viser korleis utviklinga har vore kvart år etter 2005.

Tabell 6.1 Talet på barnehagar med samisk språktilbod i åra 2005/06–2010/11

År	2005	2006	2007	2008	2009	2010	2011
Barnehagar med samisktilbod i alt	64	67	56	60	71	67	61
Samiske barnehagar og samiske barnehageavdelingar i norske barnehagar	46	47	40	41	37	37	33
Norske barnehagar med anna samisktilbod	18	20	16	19	34	30	28

Av tabell 6.1 ser vi at talet på barnehagar med samisktilbod held seg stabilt. Tabell 6.2 nedanfor viser kor mange born som nyttar seg av dei samiske tilboda.

Tabell 6.2 Talet på born som tok imot samisktilbod i barnehagen 2005–2010

År	2005	2006	2007	2008	2009	2010	2011
Talet på born med samisktilbod i alt	925	975	956	940	883	817	823
Born i samiske barnehagar og i samiske barnehageavdelingar i norske barnehagar	882	929	925	905	789	758	728
Born med anna samisktilbod i norske barnehagar	43	46	31	35	94	59	95

Det samla talet på born som tok imot ei eller anna form for samiske barnehagetilbod, gjekk frå 2010/11 til 2011/12 opp med seks. Talet på førskuleborn i kategori 1 gjekk ned med 30, medan talet på born i kategori 2 steig med 36. Vi snakkar her om absolutte tal, ikkje om prosent av dei totale årskulla. Mykje av den talmessige svekkinga som vi ser over seks år, kan truleg forklarast med nedgang i barnekulla i Nord-Noreg i dette tidsrommet. Dei fleste samiske barnehagetilboda finst i Nord-Noreg, og i tidsrommet 2005 til 2010 gjekk talet på tre-, fire- og femåringar ned med heile 16 % i Finnmark, med i underkant av 6 % i Troms og med 10 % i Nordland .

Dersom vi deler det totale talet på type tilbod, ser vi ein langsiktig tendens til endring. Talet på born i samiske barnehagar og i samiske barnehageavdelingar (i norske barnehagar) går ned, medan talet på born med *anna* samisktilbod i norske barnehagar stig. Dette betyr i praksis ei svekking av språket blant førskuleborn dei siste seks åra, sidan dei tilboda som aukar, er svakare enn dei som minkar.

Talet på barnehagetilbod og talet på born som tek mot tilboda, kan splittast opp etter samisk språk. Det har vi gjort i tabellane i delkapitla nedanfor.

6.1.2 Nordsamisk i barnehagen

Tabell 6.3 Talet på born som tok imot nordsamiske tilbod i barnehagen i åra 2006–2011

År	2006	2007	2008	2009	2010	2011
Talet på barnehageborn med tilbod på nordsamisk i alt	946	917	884	825	892	776
Born i nordsamiske barnehagar og i nordsamiske barnehageavdelingar i norske barnehagar	906	900	868	752	721	701
Born med anna nordsamisktilbod i norske barnehagar	40	17	16	73	134	75

Talet på nordsamiske born som tek mot slike tilbod, utgjer ein så stor del av det samla samiske talet at tendensane (og dermed kommentarane) blir dei same for tabellane 2.3 og 2.4 som for tabellane 2.1 og 2.2. ovanfor. Sjå det som er skrive om desse.

6.1.3 Lulesamisk i barnehagen

Endringane i talet på born som tek mot lulesamiske barnehagetilbod, har vore slik som vist i tabell 6.4 nedanfor.

Tabell 6.4 Talet på born som tok imot tilbod på lulesamisk i barnehagen i åra 2006–2011

År	2006	2007	2008	2009	2010	2011
Talet på born med tilbod på lulesamisk i alt	12	18	27	27	29	23
Born i lulesamiske barnehagar og i lulesamiske barnehageavdelingar i norske barnehagar	12	18	27	27	27	17
Born med anna lulesamisk tilbod i norske barnehagar	0	0	0	0	2	6

Talet på born i lulesamiske barnehagetilbod er fordobla frå 2006 til 2011. Denne auken i talet på born med lulesamisk tilbod heng kanskje først og fremst saman med auken i sjølve tilbodet.

6.1.4 Sørsamisk i barnehagen

Endringane i talet på born som tok imot sørsamiske barnehagetilbod dei siste seks åra, har vore slik som vist i tabell 6.5. nedanfor.

Tabell 6.5 Talet på born som tok imot tilbod med sørsamisk i barnehagen i åra 2006– 2010

År	2006	2007	2008	2009	2010	2011
Talet på born med tilbod på sørsamisk i alt	17	21	29	31	15	16
Talet på born i sørsamiske barnehagar	11	7	10	10	10	10
Talet på born som tok imot tilbod på sørsamisk i norske barnehagar	6	14	19	21	5	6

Tabell 6.5 viser at 2009 var eit toppår, med ei nær halvering av dette talet i 2011. Dei store svingingane i tala for sørsamiske førskuleborn har vi drøfta nærare i *Samiske tall forteller 4*.

6.2 Samisk språk i grunnskulen

Dei siste sju åra har endringane i tala på elevar som vel samisk i grunnskulen, vore slik som vist i tabellane 6.8 til 6.11 nedanfor.

6.2.1 Det samla elevtalet med samisk i fagkrinsen

Tabell 6.6 Talet på grunnskuleelevar med samisk i fagkrinsen

	2005/06	2006/07	2007/08	2008/09	2009/10	2010/11	2011/12
I alt	3055	2672	2542	2517	2346	2245	2153
Nordsamisk	2844	2479	2354	2339	2158	2058	1987
Lulesamisk	88	77	79	77	81	96	72
Sørsamisk	123	116	105	101	97	91	94

Det samla talet på elevar med samisk i fagkrinsen i grunnskulen i Noreg gjekk frå skuleåret 2010/11 til skuleåret 2011/12 ned med 92 elevar. Det er ein nedgang på 4,1 % på eitt år.

Tabell 6.6 viser vidare at det samla talet på elevar med samisk i norsk grunnskule har gått ned kvart år sidan skulereforma *Kunnskapsløftet* vart innført i 2006. Før den tid steig det kvart år. Moglege årsaker til nedgangen etter 2006 er grundig drøfta i *Samiske tall forteller 4*, og vi viser til det som står der. Her kan vi berre konstatere at nedgangen har halde fram også i overgangen frå skuleåret 2010/11 til skuleåret 2011/12. I alt har det vore ein nedgang på 902 elevar sidan skuleåret 2005/06. Rekna i prosent utgjer dette ein nedgang på 29,5 % på desse åra.

I talet på elevar med lulesamisk i fagkrinsen ser vi eit brått fall på 24 det siste året. Dette utgjer ein nedgang på heile 25 % på eitt år. Sidan det totale elevtalet i lulesamisk er såpass lågt, vil tilfeldige variasjonar gje store prosentvise utslag. Viss vi ser på elevtala i lulesamisk over tid, ser vi at talet for 2011/12 *ikkje* er uvanleg lågt. Det er heller slik at talet året før var uvanleg høgt, og dermed får vi ein stor prosentvis nedgang det siste året.

6.2.2 Elevtalet i samisk som førstespråk

Tabell 6.7 Talet på grunnskuleelevar med samisk som førstespråk

	2005/06	2006/07	2007/08	2008/09	2009/10	2010/11	2011/12
I alt	998	1020	1027	1043	1010	971	940
Nordsamisk	953	971	984	997	964	923	895
Lulesamisk	29	31	25	27	26	29	25
Sørsamisk	16	18	16	19	20	19	20

Talet på elevar med samisk som førstespråk i norsk grunnskule gjekk frå skuleåret 2010/11 til skuleåret 2011/12 ned med 31 elevar. Dette er ein nedgang på 3,2 %. Tek vi utgangspunktet i skuleåret 2005/06, har nedgangen i alt i åra etterpå vore på rundt 6 %. Denne nedgangen er mindre enn den generelle nedgangen i barnekulla i Nord-Noreg i dette tidsrommet. Slik sett er det grunnlag for å seia at talet på elevar i samisk som førstespråk har halde seg relativt stabilt.

Vi ser av tabell 6.7 at talet på førstespråkselevar dei siste sju skuleåra har halde seg relativt stabilt i *alle* dei tre aktuelle samiske språka.

6.2.3 Elevtalet i samisk som andrespråk

Tabell 6.8 Talet på grunnskuleelevar med samisk som andrespråk

	2005/06	2006/07	2007/08	2008/09	2009/10	2010/11	2011/12
I alt	2057	1652	1515	1474	1336	1274	1213
Nordsamisk	1891	1508	1370	1342	1194	1135	1092
Lulesamisk	59	46	54	50	55	67	47
Sørsamisk	107	98	89	82	77	72	74

Talet på andrespråkselevar i samisk i grunnskulen i Noreg har frå skuleåret 2010/11 til skuleåret 2011/12 gått ned med 61. Det er ein nedgang på rundt 5 %. Sidan innføringa av *Kunnskapsløftet* i 2006 har talet på andrespråkselevar gått ned med i alt 844, ein nedgang på 41 %. Tabellen viser òg at det meste av nedgangen kom dei to første åra etter 2006.

Både moglege årsaker til den store nedgangen og moglege årsaker til at så mykje av nedgangen kom i åra 2006–2008, er nærare drøfta i *Samiske tall*

forteller 4. Her kan vi berre konstatere at nedgangen har halde fram også i skuleåret 2011/12.

Så langt har vi handsama *Samisk som andrespråk 2* og *Samisk som andrespråk 3* under eitt og kalla det ”andrespråk”. Dersom vi splittar opp talet på andrespråkselevar og deler det på dei to fagplanane, får vi tal som vist i tabell 6.9 nedanfor. Vi har ikkje tal som skil mellom *Andrespråk 2* og *3* lenger bakover enn til 2008, difor byrjar Tabell 2.11 nedanfor med det året.

Tabell 6.9 Talet på andrespråkselevar i samisk splitta etter fagplan

	2008/09	2009/10	2010/11	2011/12
Andrespråkselevar i alt	1474	1336	1285	1213
Andrespråk 2	677	628	645	598
Andrespråk 3	797	708	640	615

Tabell 6.9 viser at elevtalet i faget *Andrespråk 2* gjekk ned med 47 (7%) og i *Andrespråk 3* med 25 (4%) frå skuleåret 2010/11 til skuleåret 2011/12.

I skuleåret 2008/09 var fordelinga av andrespråkselevane slik at 46% følgde fagplanen *Samisk som andrespråk 2*, medan 54% følgde *Samisk som andrespråk 3*. Tendensen er at ein litt større del av elevane no følgjer *Samisk som andrespråk 2*. I skuleåret 2011/12 var fordelinga slik at 49% følgde fagplanen *Samisk som andrespråk 2*, medan 51% følgde *Samisk som andrespråk 3*. Tendensen er altså, sjølv om han er svak, at fleire følgjer den sterkaste av dei to fagplanane i samisk som andrespråk.

6.2.4 Elevtalet innanfor Forvaltningsområdet for samisk språk

Når ein skal vurdere endringar i tala på elevar med samisk i fagkrinsen, vil det vera interessant å studere kor stor prosent desse utgjer av alle elevar, og korleis denne prosenten endrar seg. Dette er det mogleg å rekne ut berre innanfor Forvaltningsområdet for samisk språk. Det er berre her vi kjenner det totale talet på elevar som kan velja samisk. Innanfor dette geografiske området har alle elevar rett på samiskopplæring uavhengig av heimemål eller etnisitet. Utanfor Forvaltningsområdet er retten til samiskopplæring knytt til visse kriterium, og vi veit ikkje kor mange som oppfyller dei. Vi skal her difor sjå nærare på fordelinga berre i Forvaltningsområdet.

Skuleåret 2011/12 var det i alt 2310 grunnskuleelevar innanfor dette området. Dei fordelte seg på språktilbod og kommunar slik som vist i tabell 2.10 under.

Tabell 6.10 Elevar innanfor Forvaltningsområdet for samisk språk skuleåret 2011/ 12 fordelt på språktilbod

	Elevar i alt i forvaltningsområdet	Elevar utan opplæring i samisk	Elevar i alt med opplæring i samisk	Elevar med samisk førstespråk	Elevar med samisk andrespråk
I alt	2310	1092	1218	783	435
Porsanger	460	337	123	37	86
Karasjok	366	0	366	279	87
Kautokeino	338	0	338	313	25
Tana	307	152	155	96	59
Snåsa	250	221	29	9	20
Tysfjord	203	154	49	21	28
Kåfjord	192	119	73	9	64
Lavangen	119	107	12	-	-.
Nesseby	75	.	.	17	-

Tabell 6.10 viser at 1218 grunnskuleelevar innanfor Forvaltningsområdet får opplæring i samisk. Dette utgjør 57 % av alle grunnskuleelevar med samiskopplæring i Noreg.

Tala i Tabellen er frå Utdanningsdirektoratet. Direktoratet offentliggjør ikkje tal på elevgrupper under fem. Når tala for fordelinga av elevar på 1. og 2. språk i Lavangen ikkje er med i tabellen, er det fordi elevane med samiskopplæring fordeler seg på ein slik måte at ei av gruppene blir på mindre enn fem. Det same gjeld Nesseby.

Tabell 6.11 Prosentvis fordeling av elevane innanfor forvaltningsområdet for samisk språk i skuleåret 2011/12

	Elevlar med opplæring i samisk i % av alle elevane	Elevlar med samisk førstespråk i % av alle elevane	Elevlar med samisk andrespråk i % av alle elevane
I alt	53	34	19
Porsanger	26	7	19
Karasjok	100	76	24
Kautokeino	100	93	7
Tana	51	31	69
Snåsa	12	4	8
Tysfjord	24	10	14
Kåfjord	39	5	34
Lavangen	10	-	-
Nesseby	.	23	.

Vi ser at meir enn halvparten av elevane (53%) innanfor Forvaltningsområdet får opplæring i samisk språk i grunnskulen. Av desse får langt dei fleste opplæring i samisk førstespråk. Meir enn kvar tredje elev i Forvaltningsområdet fekk i skuleåret 2011/12 opplæring i samisk som førstespråk.

Tabellen viser at det er store skilnader mellom kommunane. I kommunane Kautokeino, Karasjok og Nesseby har bortimot 100% samiskopplæring, ei opplæring som i utgangspunktet er obligatorisk her. I Tana, der samiskopplæringa er frivillig, har også fleirtalet (51% !) samiskopplæring.

Lågast er prosenten i Snåsa og Lavangen, med 12 og 10.

Karasjok og Kautokeino skil seg ut med at dei er dei einaste kommunane der fleirtalet av elevane har samisk som førstespråk.

Grunnen til at nokre ruter i tabellen er tomme, er forklart i kommentarane under Tabell 6.10

6.3 Samisk språk i den vidaregåande skulen

Tabell 6.12 Talet på elevar med samisk i fagkrinsen i den vidaregåande skulen, fordelt på fylke der det er fleire enn fem elevar.

	2008/2009	2009/2010	2010/2011	2011/12
Heile landet	341	369	433	473
Finnmark	267	283	341	384
Troms	41	40	49	54
Nordland	12	28	27	16
Nord-Tr.lag	12	8	9	7
Resten	9	10	7	12

Tabell 6.12 viser ein klår auke i talet på elevar med samisk i fagkrinsen i vidaregåande skule. Frå skuleåret 2010/11 til 2011/12 har det i heile landet vore ein auke på i alt 40 elevar, og sidan 2008/09 (som er det første skuleåret som vi har tal for) har auken vore på 132 elevar. Talet er no på 473. Det er ein auke på 39% i tida frå 2008/09 til 2011/12.

Tabell 6.13 Talet på elevar i faget samisk som førstespråk i den vidaregåande skulen, fordelt på fylke der det er fleire enn fem elevar

	2008/2009	2009/2010	2010/2011	2011/12
Heile landet	189	215	248	267
Finnmark	172	180	216	249
Troms	11	10	12	11
Nordland		21	18	
Nord-Tr.lag				
Resten	6*	4**	2**	7*

*Resten av landet inkluderer òg fylka Nordland og Nord-Trøndelag

** Resten av landet inkluderer òg Nord-Trøndelag

Tabell 6.13 syner at talet på førstespråkelevar i vidaregåande skule i tidsrommet frå 2008/09 til 2011/12 steig med 78, det vil seia 41 % stiging.

Tabell 6.14 Talet på elevar i samisk som andrespråk i den vidaregåande skulen, fordelt på fylke der det er fleire enn fem elevar

	2008/2009	2009/2010	2010/2011	2011/12
Heile landet	152	154	185	206
Finnmark	95	103	125	135
Troms	30	30	37	43
Nordland	12	7	9	16
Nord-Tr.lag	12	8	9	7
Resten	3	6	5	5

Av tabell 6.14 ser vi at samtidig med at elevtalet for samisk som andrespråk i grunnskulen har gått ned, har elevtalet i faget stige i den vidaregåande skulen. Dette har mest sannsynleg å gjera med at nedgangen i grunnskulen enno ikkje har nådd kulla i den vidaregåande skulen.

Tala i tabellane ovanfor seier ikkje noko om utviklinga i sørsamisk og lulesamisk spesielt i den vidaregåande skulen. Men viss vi går ut frå at alle elevar med lulesamisk og sørsamisk i fagkrinsen finst innanfor Nordland, Nord-Trøndelag og ”resten” i tabellen, vil tala bli slik som vist i tabell 6.15. nedanfor.

Tabell 6.15 Talet på elevar med samisk i fagkrinsen i Nordland, Nord-Trøndelag og Sør-Noreg utanfor Nord-Trøndelag

	Skuleåret 2008/ 2009	Skuleåret 2009/2010	Skuleåret 2010/2011	Skuleåret 2011/2012
Nordland og sørover	33	46	43	35

Av tabell 6.15 ser vi at det samla elevtalet for skuleåret 2011/2012 her var på 35 elevar, og i 2008/09 (som er det første skuleåret vi har tal for) var dette talet på 33 elevar. Det tyder på stabilitet for sørsamisk og lulesamisk som fag i vidaregåande skule.

Når ein les tabell 6.15 som informasjon om stoda for sørsamisk og lulesamisk i vidaregåande skule, må ein ta atterhald om at det i tala *kan* finnast elevar med nordsamisk i fagkrinsen, sjølv om dei aktuelle vidaregåande skulane ligg utanfor det nordsamiske området.

Kjelder:

Tala for grunnskulen er henta frå nettstaden <https://www.wis.no/gsi/tallene> 21. mars 2012.

Tala for barnehagen er henta frå brev dagsett 13.4.2012 frå Opplæringsavdelinga i Sametinget, Kautokeino v/ Anna Kristine Skum Hætta.

Tala for vidaregåande skule er henta frå brev dagsett 27.3.2012 frå Utdanningsdirektoratet, Oslo, v/Trine Normann

Tala for Forvaltningsområdet for samisk språk er henta frå brev dagsett 3.7.2012 frå Utdanningsdirektoratet, Oslo, v/Mina Verlo Grindland